

Statens vegvesen - Region vest

Askedalen 4

6863 LEIKANGER

Hordaland Fylkeskommune

14 AUG 2014

ULLENSVANG HERAD



Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	08/1120-64	14/7939	ST/PL namn-Rv 550 - Kråkevik - Syreflot, N-504/	13.08.2014

Status reguleringsplan for fv. 550 mellom Kråkevik og Syreflot i Ullensvang herad


Viser til Dykkar brev dagsett 18.07.2014 om overnemde sak. Reguleringsplanarbeidet for fv 550 Kråkevik-Syreflot har vore ein lang og omfattande planprosess i regi av Statens vegvesen. Mykje tid og midlar har gått med til dette arbeidet, og planen har no vore ute til offentlig ettersyn. Hordaland fylkeskommune har kome med innspel om at det må gjennomførast avdekking av kulturminne før ei eventuelt endeleg godkjenning av planframlegget. Ut frå desse innspela har Hordaland Fylkeskommune v/ samferdsleavdelinga som vegeigar, administrativt stoppa planprosjektet for fv 550 mellom Kråkevik og Syreflot. Grunngevinga er at prosjektet ikkje er prioritert i Regional transportplan for Hordaland (RTP) i perioden 2013-2024, og tilrår difor ikkje kulturavdelinga til å setja av ressursar til dette vegprosjektet no.

Ullensvang herad har kjempa for utbetring av denne strekkja i ei årrekkje, og kan ikkje godta at planarbeidet no vert stoppa. Ullensvang herad forventar at Hordaland Fylkeskommune får gjennomført avdekking av kulturminne i samsvar med innspel, slik at planen kan godkjennast.

Stoppar planarbeidet opp no, vert prosjektet skrinlagt. Mykje midlar går til "spille" som kunne vore brukt på mindre tiltak på Fv 550 Kråkevik-Syreflot.

Ullensvang herad vil halda trykk på å få midlar til utbetring av denne strekkja, og oppmodar Fylket og fylkespolitikarane å prioritera ferdigstilling av planarbeidet.

Med helsing
Ullensvang herad


Solfrid Borge
ordfører

Sakshandsamar sin tlf: 53671507
Sakshandsamar si e-postadr.: solfrid.borge@ullensvang.herad.no

Kopi til:

Fylkestinget i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune - Postboks 7900 5020 BERGEN

Strategi- og næringsavdelinga

Samferdsleutvalet i

Hordaland

Kopi til arkiv og kopibok



Hardanger

Ullensvang herad
Heradshuset
5780 KINSARVIK

Org.nr: 964 967 903
Bankgiro 3450.19.70427

Telefon: 53 67 15 00
Telefaks: 53 67 15 01
E post: postmottak@ullensvang.herad.no

www.ullensvang.herad.no